

Oppsummering av merknader ved varsel om planoppstart

Detaljreguleringsplan for Breivika småbåthamn

Det har komme inn merknadar frå:

Myndigheter statlige og regionale

Fiskeridirektoratet

Kystverket

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Statens vegvesen (SVV)

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune

Private

1 organisasjon

1 privatperson

Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Kommentar frå forslagsstillar
<i>Fiskeridirektoratet, 31.01.2022</i>	<p>Fiskeridirektoratet region Midt kan ikkje sjå at planarbeidet vil medføre vesentlege negative konsekvensar for fiskeri- og akvakulturinteressene med tanke på bruk av sjøområdet.</p> <p>Men det må takast spesielt omsyn til låssettingsplassane dersom det står låssett fisk på disse. Fiskeriaktørane må varslast før utfylling verte satt i gang.</p> <p>Planområdet ligg i eit lokalt viktig gytefelt for torsk. Fiskeridirektoratet forutsette at det vert teke omsyn til eventuell påverknad utfylling i sjø vil kunne få for dette. For å verne egg og yngel bør ein generelt vurdere at tiltak i sjø i dette området ikkje vert sett i gang etter 1. februar og før tidlegast 1. juni. Avbøtande krav for å ivareta gytefeltet må om nødvendig takast med i planføresegnene. Fiskeridirektoratet anbefaler generelt i slike tilfelle at det vert stilt krav om bruk av reine utfyllingsmassar, at det nyttast utfyllingsmetoder som er mest mogleg skånsame med tanke på sprenginga av partiklar, at utfylling i sjø ikkje skal skje i</p>	<p>Tatt til etterretning.</p> <p>Det er sett krav til varsling av fiskeriaktørane i føresegnene til planen.</p> <p>Utbygging vil vere avhengig av framdrift på byggeprosjektet for Stad skipstunnel. Det er svært lite ønskeleg med ei slik føresegn. Dette må avklarast i samband med søknad om utfyllingsløyve. Det er sett krav til bruk av reine utfyllingsmassar.</p>

	<p>perioden frå 1. februar til 1. juni, samt at det nyttast spreingsbarrierar om det fyllast ut masse i perioden 1. juni til 1. september.</p>	
<p><i>Kystverket, 31.01.2022</i></p>	<p>Kystverket gjer merksam på sjøleidning som kryssar fjorden med landtak i Breivika. Det må takast inn i plandokumentet korleis denne skal ivaretakast ved utføring av tiltak, og/eller om den må flyttast til annan stad før planlagde tiltak kan gjennomførast.</p> <p>Sjøarealet i vestre del av området er forskriftsfesta farledsareal og kan sjåast i kystverkets kartsystem «Kystinfo» saman med djupter mm. i området. Kystverket har so langt ikkje innvendingar til dei påtenkte formåla, men dei ser for seg at oppfyllingsformål og ev. kaier avgrensast til å gjelde bruk av sjøbotn på djupter mindre enn 10m (LAT), både vest og aust i planen. Då med fyllingsfot max. ut til 10 m djupt, alternativt kaifrontlinje på 10m djupt.</p> <p>Kystverket forutset at nødvendige geotekniske undersøkingar av sjøbotn utførast og leggast til grunn for storleik/belastning av planlagde utfyllingar.</p> <p>Vidare bør det skildrast om utfyllingsmassar skal fraktast via vegnettet og kva konsekvensar det kan ha for dette. Alternativt skildre andre metodar for frakt av massar sjøvegen, her også kva type farkostar som er tenkt brukt til frakt (splittlekter eller lekter/farkost for av/pålessing).</p> <p>Foreslegne formål og antatt normal bruk av desse vil truleg ikkje få vesentlege verknader for den generelle ferdselen i fjorden eller påverknad på etablerte navigasjonsinstallasjonar. Området er ikkje registrert ankringsplass i sjøkart.</p> <p>Planlegginga kan for Kystverket sin del fortsette. Det anbefalast å avgrense utfyllinga til omlag 10 m djupt i det vidare arbeidet og at fyllingsskråningar og fyllingsfot på sjøbotn framstillast i plankartet. Planformålet for fyllingsskråningar (frå botn og opp til overflate sjø) gis eget sjøformål der det tillatast utfylling frå tilgrensande planlagde landformål.</p> <p>Eventuelt sjøareal utanfor nemnde fyllingsskråning bør verte gitt formålet trafikkområde sjø eller farledsareal.</p>	<p>Sjøledninga er forutsett omlagt, sjå føresegnene til planen samt omtale i rapporten «Bølgeanalyse og havneplan».</p> <p>Innspelet vedr. djup er avklart med Kystverket (møte, synfaring og e-post våren 2022). Kystverket ønskjer at prosjekt kan ta imot store mengder/volum. Kystverket har vært på synfaring med kommunen og vurderer området og tiltaket som velegnet for mottak av massar.</p> <p>Det er utført grunnboringar og gjort geotekniske vurderingar, sjå vedlegg til planen.</p> <p>Massane er tenkt frakta sjøvegen av Kystverket, men det har ikkje vore mogleg for kommunen å få fleire detaljer om transporten og leveringa.</p> <p>Skråningar og fyllingsfot er vist i plankart og diskutert med Kystverket før offentlig ettersyn.</p> <p>Sjøareal utanfor fyllinga har formål farled.</p>
<p><i>Norges vassdrags- og energidirektorat</i></p>	<p>Kommunen har ansvar for å vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlege regionale interesser innen NVEs saksområde i arealplanlegging». I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen.</p>	<p>Tatt til etterretning.</p>

<p>(NVE), 09.02.2022</p>		
<p>Statens vegvesen, 20.01.2022</p>	<p>Statens vegvesen skriv dei ikkje har nokon merknadar so lenge tiltaket planleggast i samsvar med føresegn og retningslinjer i kommuneplanens arealdel.</p>	<p>Tatt til etterretning.</p>
<p>Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 21.02.2022</p>	<p>Presiserer at tilgang på masse ikkje må vere argument for å gjennomføre prosjekt som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd eller som har store negative verknader for viktige interesser.</p> <p>Skriv at skredfare og grunnforhold elles vurderast. Dei minner også om at konsekvensar for landbruk må utgreiast.</p> <p>Informerer om at det er registrert eit lokalt viktig gytefelt for torsk i Kjøddepollen. Det er også registrert eit beiteområde for hestemakrell i Kjøddepollen, rundt 270 meter vest for planområdet og viktig blautbotnområde i strandsona vel ein kilometer nordaust for planområdet, i tillegg til to lokalt viktige i Otnesvågen og Jaktevika litt lenger mot nordvest. Det er også registrert ein større førekomst av stortare rundt to kilometer nord for planområdet. Dei viser elles til uttalen frå Fiskeridirektoratet, både når det gjeld aktuelle registreringar og aktuelle avbøtande tiltak for å redusere dei uheldige følgjene av planen. Vi legg til grunn at konsekvensutgreiinga vurderer kva verknader tiltaket vil ha på naturmangfaldet i sjøen i brei forstand.</p> <p>Meiner at planen er så omfattande at den vil få store verknader på landskapet. Konsekvensutgreiinga må lage illustrasjonar som viser korleis området vil sjå ut, både frå land- og sjøside, og nær- og fjernverknad.</p> <p>Jordvern er ei nasjonal interesse som kan gi Statsforvaltaren grunnlag for å fremje motsegn. Dersom planen legg opp til nedbygging av dyrka jord, kan dette bli tilfellet. Dei ber om at jordbruksarealet innanfor planområdet regulerast nettopp til landbruk.</p> <p>Dei minner om at det må gjennomførast ein fullstendig risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3.</p> <p>Det kan vere svært vanskeleg å kjenne til konsekvensane av lokal overbelastning i sjø. Det må alltid gjerast grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona.</p>	<p>Vanylven kommune meiner at det her føreligg gode og grundige vurderingar jf. planomtale med vedlegg.</p> <p>Skredfare og grunnforhold er undersøkt og vurdert, sjå vedlegg til planen.</p> <p>Marint naturmangfald er grundig skildra og vurdert i vedlagte konsekvensutgreiing.</p> <p>Sjå illustrasjonsplan, illustrasjonshefte og omtale og vurderingar i planomtalen.</p> <p>Planen legg ikkje opp til inngrep i dyrka mark.</p> <p>Det er utført ROS-analyse, sjå dok. 4.</p> <p>Det er gjort grunnundersøkingar og vurdering av fare for områdestabilitet, sjå vedlegg til planen.</p>

	<p>Skriv at utfylling i sjø vil krevje løyve frå Statsforvaltaren og søknad skal sendast inn og leggst ved ei utgreiing i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar M-350/215, «Veileder for håndtering av sediment».</p> <p>Meiner at det er nødvendig at dei ulike planane vert sett i samanheng, både kva gjeld belastninga på natur og miljø, men også i høve eventuell over-etablering. Dei rår difor til at ein ventar med vidare detaljplanlegging til ei meir overordna vurdering er gjort på kommuneplannivå.</p>	<p>Arbeidet med søknaden er sett i gang (sedimentprøver allereie tatt, sjå vedlegg).</p> <p>Koplinga mot utbyggingsprosjektet Stad skipstunnel, sjå og kap. 5.6.3 i planomtalen, gjer at kommunen ser seg nøyd til å gå rett på detaljregulering.</p>
<p><i>Møre og Romsdal fylkeskommune, 14.02.2022</i></p>	<p>Byggegrense skal vere 50 meter frå fylkesveg 620 si senterlinje, og at talet på avkøyrslar til vegane må vere svært avgrensa. Byggegrensa si avstand må bli vist, og talfesta, i plankart med tilhøyrande føresegn. Dette gjeld også for driftsavkøyrslar. Skriv at nye avkøyrslar ikkje bør godkjennast utan at det ligg føre stadfesta reguleringsplan som godkjenner ei slik løysing. Val av stad for avkøyrslar må vurderast nøye med tanke på den framtidige arealutviklinga.</p> <p>Forutset at planforslaget omtalar trafikkauke, trafikkløysingar for både personbil- og varetransport, parkering, kollektivtrafikk, samt situasjonen for mjuke trafikantar og skuleborn, samt influensområde (området planforslaget har innverknad på). Vurderingane må omfatte noverande/eksisterande situasjon, beskriving av planforslaget, verknader av planforslaget og ev. avbøtande tiltak og rekkefølgekrav.</p> <p>Sideareal/-terreng langs sjølve vegen, som Møre og Romsdal fylkeskommune eig, skal ha formål «annan veggrunn».</p> <p>Støy må vurderast i samsvar med T-1442 og planforslaget må inkludere støysoner, føresegner og ev. avbøtande tiltak.</p> <p>Fylkeskommunen informerer om at saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Breivika som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Det er heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.</p> <p>Føreset at tiltaka i planen ikkje omfattar nedbygging av dyrka jord.</p>	<p>Ingen nye avkøyrslar. Avkøyrsele er vurdert i vedlegg 4 (Trafikkvurdering) til planen.</p> <p>Forhalda som fylkeskommunen påpeiker er ivareteke i planomtalen og vedlagt trafikkanalyse.</p> <p>OK.</p> <p>Sjå vedlagte støynotat.</p> <p>Oppdatert plankart har vært sendt sjøfartsmuseet innan offentleg ettersyn og merknaden står framleis ved lag (jf. e-post datert 18.08.22).</p> <p>Prosjektet medfører ikkje inngrep i dyrka mark.</p>

<p><i>Ingar Støyle Bringsvør v/ Birdlife Norge avd. Møre og Romsdal (tidlegare Norsk Ornitologisk Forening)</i></p>	<p>Har ein samla merknad for Brevika hamn, Småstranda næringsområde og Åramsundet næringsområde.</p> <p>Børholmen er einaste holmen i Vanylven utan inngrep i denne fjordarmen, og såleis den einaste tilgjengelege hekkelokaliteten for sjø- og strandfugl i denne delen av kommunen der det ikkje er tilgjengeleg for landlevande rovdyr (rev og mår). Dette er viktigaste hekkelokalitet for den lokale grågåsbestanden, for fleire andeartar og vadefuglartar. Det er den einaste holmen innafor territoriet til eit hekkande havørnpar i denne delen av fjorden.</p> <p>Ei framtidig utbygging i samsvar med det som er skissert i notat frå Norconsult, vil nødvendigvis kome sterkt i konflikt med dei naturverdiar og funksjonar Børholmen har i dag, og med tanke på naturretta reiseliv, som har vore målsetjinga for det interkommunale samarbeidet for å leggje til rette for reiseliv i dei fem kystkommunane i ytre, vil ei skissert utbygging ikkje vere i samsvar med intensjonane. Det er i notatet verdt å merke seg at det pr. i dag ikkje er nokon konkrete aktørar knytt til det skisserte planområdet.</p> <p>Kjødepollen er ein markert terskelfjord med ein terskel på 38 m djup i hovudløpet og 19 m djup i sideløpet (mellom Børholmen og Tuestranda). Dei djupaste partia i Kjødepollen innafor terskelen er på vel 67 m. I kuldeperiodar på vinteren kan Kjødepollen vere islagd over periodar, og då kan det oppstå indikasjonar på redusert vasskvalitet i Kjødepollen. Dei seinare åra har det periodevis på seinvinter/tidleg vår, samla seg flokkar av havørn ved utlaupet av Kjødepollen, sist våren 2021, då det var rapportert inntil eit tjuetals havørner eller meir. Årsaka var tydelegvis lett tilgang på fisk i området, og i alle fall ein del av dette var tydelegvis hestemakrell som svima rundt i overflata og var lett å fange. Erfaringsmessig er dette ein indikasjon på nedsett oksygen i vatnet. Dersom dette har samanheng med terskeltilhøva og vassutskifting, vil inngrep i dei strategisk viktigaste delane av fjorden kunne påverke miljøet negativt, særleg ved utfyllingar i sjøen eller andre tiltak som verkar inn på tidevass-skiftet. Meiner at dette må vere viktig å få klarlagt gjennom konsekvensutgreiingar.</p> <p>Birdlife Norge sin konklusjon er at dei vil på det sterkaste rå frå å gå vidare med detaljregulering av dei aktuelle områda. Det er planar som i utgangspunktet vil måtte setje til side viktige verdiar, både i nasjonal samanheng og vidare, og verdiar som er og skal vere med som positive element i kvardags- eller fritidsopplevingar for folk som er busette i Vanylven og vitjande som og søker slike verdiar. Det står ikkje til å nekte at det står fram som noko bakvend prosedyre når det vert kunngjort detaljregulering av område utan forankring i vedteken, overordna arealbruksplan, og der spørsmål og problemstillingar som</p>	<p>Vi takkar for svært gode og konkrete innspel. Problemstillingar som skildrast er i stor grad vurdert i planarbeidet. Vi oppfordrar Birdlife til å gå grundig igjennom planomtala og vedlagte konsekvensutgreiing og kommentere på nytt, i samband med offentlig ettersyn, om det er beslutningsrelevante vurderingar som framleis er sakna.</p>
---	--	--

	skulle vere avklara i ein slik heilskap, på ein måte vert underlagt ei adhoc-prosedyre der omsyn til samanhengar og samla vurdering ikkje er mogleg å gjennomføre.	
<i>Orica v/Anders Bakkebø, datert 10.03.22</i>	Orica ved Anders Bakkebø meiner at eineste arbeidsplass (Orica) på Skorge bør bevares. Bakkebø påpeikar at kommunen planlegger et luftslott som ingen vil ta kostnadene med å realisere.	<p>Vanylven kommune har hatt tett dialog med Orica etter varsel om oppstart, og partane er i forhandlingar vedrørende kjøp av tomt.</p> <p>Bakkebø har et godt poeng i forhold til utfordringa med å få realisert og bygget ut området, men kommunen er av den oppfatning at man blir nøydt til å satse stort og ha tro på at Stad skipstunnel vil sette Vanylven kommune på kartet, som vil skape nye moglegheiter og utvikling for kommunen.</p>